



Dato: 05.01.2015
Arkivref: 2015/5-156/2015 / 000

Saksbehandlar: Jarle Nakken
53 42 30 82
jpn@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
5/15	Formannskapet	20.01.2015
10/15	Kommunestyret	16.02.2015

HØYRINGSUTTALE-OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJING TIL SKATTEETATEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skatteoppkrevjarfunksjonen skal fortsatt vere kommunal.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.01.2015

Saksprotokoll i Eldrerådet - 16.01.2015

Eldrerådet vil slå ring rundt den kommunale skatteinnkrevjarfunksjonen. Innkrevjinga fungerer etter Staten sin vurdering svært godt. Ei sentralisering fører til bortfall av viktig kompetanse og arbeidsplassar i distrikta, noko det er sterk trong for. Når det heller ikkje fører til betre effektivitet så finn eldrerådet ingen grunn til å støtta ei stentralisering. Sentralisering for sentraliseringa si skuld ser me på som heil forkasteleg.

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.02.2015

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Dokument i saka:

Finansdepartementet: Høring – overføring av skatteoppkrevjinga til skatteetaten

Bakgrunn for saka:

Den 23 juni la regjeringa fram eit framlegg til endring av skatteoppkrevinga . I presseuttalen stod følgjande:

Regjeringen legger i dag frem en ny reform for å effektivisere og avbyråkratisere offentlig sektor. Skatteoppkrevingen foreslås flyttet fra de kommunale skatteoppkreverne til Skatteetaten. Dette kan over tid redusere antall ansatte med rundt 500. Ansvaret for å fastsette, innkreve og kontrollere skatter og avgifter blir samlet i en etat. Dette vil blant annet styrke Skatteetaten i kampen mot svart arbeid.

Samme dag kom KS med følgjande uttale:

Regjeringen legger nå opp til å svekke både skatteinnkrevingen og lokaldemokratiet på én og samme gang. Det er oppsiktsvekkende og skuffende, sier direktør for interessepolitikk i KS, Helge Eide.

- Det er svært overraskende at regjeringen kommer med et slikt forslag rett etter at Stortinget har vedtatt en ny kommunereform og departementene skal gå i gang med å utrede hvilke oppgaver som kan overføres fra staten til kommunene sier Eide.

Kommunal skatteoppkreving innebærer at kommunene har et samlet ansvar for å kreve inn både statlige og kommunale krav overfor de fleste innbyggerne. Innbyggere med betalingsvansker kan derfor i dag slippe med å bare kontakte kommunen og få en felles betalingsavtale for alle sine offentlige krav. En statliggjøring av skatteinnkrevingssoppgavene vil gjøre det vanskeligere og mer ressurskrevende å finne gode betalingsløsninger for innbyggere, sier Helge Eide.

Dagens organisering av skatteinnkrevingen har gitt en svært effektiv innkreving, basert på nærhet til innbyggerne og kunnskap om lokale forhold. Dette har vært nøkkelen til meget lave restanser både når det gjelder skattekrav og kommunale krav, fremhever Helge Eide.

Finansdepartementet ga den 23 juni 2014 Skattedirektoratet i oppdrag å greie ut korleis skatteoppkrevinga (arbeidsgjevarkontroll, innkreving og føring av skatterekneskapen) kan organiserast i skatteetaten for slik å kunne oppnå ein betre og meir effektiv skatteoppkreving. Utgreiinga skulle innehalde framlegg til naudsynte regelverksendringar, plan for endring i IKT systemløyseringar og vurdering av arbeidsrettslege- og personalmessige forhold.

Rapporten frå Skattedirektoratet vart lagt fram 24.11.2014 og departementet har sendt saka på høyring den 01.12.2014. Høyringsfristen er 02.mars 2015.

Vurderingar:

I dag har stort sett kvar kommune eigen skatteoppkrevjarfunksjon. Nokre kommunar har skatteoppkrevjar saman med andre kommunar i interkommunalt samarbeid. Det er i dag 288 kommunale skatteoppkrevjarkontor. Bømlo kommune sitt skatteoppkrevjarkontor har 2 tilsette. I tillegg vert det kjøpt kontrolltenester av Bergen kommune for kr 160 000 årleg.

I høyringsbrevet vert det slått fast at skatteoppkreving ikkje er ei naturleg kommunal oppgåve. Departementet syner til kommuneproposisjonen der det var sitert 7 kriterier for oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa som er henta frå NOU: 2000 nr 22 *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune*. Eit av kriteria var at «oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar» I kommuneproposisjonen står elles følgjande om desse 7 retningslinjene: «Retningslinjene legges derfor til grunn i arbeidet med overføring av oppgaver til større og mer robuste kommuner. Retningslinjene er generelt utformet og vil i mange tilfeller ikke gi entydige svar på

plassering av konkrete oppgaver, men vil være utgangspunktet og danne rammene for de vurderingene som skal gjøres.»

Rådmannen er ikkje samd med departementet her, der dei lausriv eit av kriteria som skal leggjast til grunn ved overføring av oppgåver til dei nye endra kommunane etter kommunereforma. Rådmannen vil og peike på at Stortinget har slutta seg til at «Retningslinjene er generelt utformet og vil i mange tilfeller ikke gi entydige svar på plassering av konkrete oppgaver, men vil være utgangspunktet og danne rammene for de vurderingene som skal gjøres.»

Det er overraskande at regjeringa som på den eine sida ivrar for ei stor kommunereform med auka sjølvstyre og fleire oppgåver lagt til kommuneforvaltninga , her går motsett veg med å trekke inn oppgåver frå kommunane.

Vidare skriv departementet « at den informasjon som er viktig i innfordringssammenheng, er nå i all hovudsak tilgjengelig i registre og databaser. Sammen med elektronisk rapportering og kommunikasjon reduserer dette behovet for lokalkunnskap og for at oppgaven utføres nært skyldneren. «

Skatteoppkrevjaren har gode resultat noko som vises i årsrapporten. Bømlø sine resultat går fram av tabellen nedanfor:

Skatt/avgiftsart	Krav i %	Resultat i %	Differanse %-poeng
Restskatt personlege sy 2011	97,20	98,60	1,4
Forskotstrekk 2012	99,90	100,00	0,1
Forskotsskatt personlege sy 2012	99,60	99,50	-0,1
Forskotsskatt upersonlege sy 2012	99,60	100,00	0,4
Restskatt upersonlege sy 2011	99,80	99,90	0,1
Arbeidsgjevaravgift 2012	99,80	99,90	0,1
Innfordra Restskatt person 2011,			
Sum av krav til innfordring	75,00	86,50	11,5

Desse gode resultat kjem ikkje av seg sjølv. Det er målbevist arbeid gjennom fleire år kombinert med god lokal kunnskap som gir desse gode resultat. Innfordringa er prega av tidleg aksjon og dialog med skuldnarane. Telefonen vert hyppig nytta i inkassoarbeidet. Lokalkunnskapen som våre folk sit på er av uvurderleg nytte i arbeidet med å få inn uteståande skatt frå innbyggjarane.

Dei gode innfordringsresultata til skatteoppkrevjarane viser at desse ute i kommunane er tett på skuldnarane og gir dei individuell oppfølging innanfor rammene av regelverket. Den høge løysingsgraden skuldast at skatteoppkrevjarane er fagleg dyktige og med sitt nærvær og lokalkunnskap er best til å finne formuesgode som er eigna for utlegg og til å skjønne kva skuldnaren kan klare å betale utan at han gir opp slik at kommunen ikkje får inn noko. Vidare vil det vere trong for å spore opp skuldnarar noko som ofte krev god lokalkunnskap.

Tvangsfullbyrding av krav (utlegg, tvangsmidlar, konkurs) er skjønsmessig arbeid og resultatet kan berre overprøvast av tingretten. Automatisering på dette området er rettsstridig.

Dette talar derfor etter rådmannen si oppfatning for at arbeidet bør vere lokalt basert .

Det er ikkje i stor nok grad føreteke ei gjennomarbeida risikoanalyse i rapporten med omsyn til kva som skje dersom innfordringsresultata vert dårlegare med sentralisert innfordring. Resultata etter ei tilsvarande omorganisering i Danmark i 2005 der restansane auka med 54% på 5 år etter omorganiseringa er ikkje eit godt teikn. Dersom ei omlegging av ei ordning som fungerer godt fører til dårlegare resultat av innfordringa vil dette gå direkte utover kommunen sin økonomi ved at skatteinntektene vert lågare. Det er ikkje noko som tydar på at staten vil kompensere for dette.

Ei sentralisering av skatteoppkrevjarfunksjonen vil gje eit tap av kompetansearbeidsplassar i distrikta. Ved å flytte arbeidsoppgåvene til dei store bysentra/sentrale Osloområdet så vert det færre arbeidsplassar lokalt og viktig kompetanse kan gå tapt.

Økonomiske konsekvensar:

Uvist, ikkje avklart i høyringsnotatet

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ikkje aktuelt

Folkehelse:

Ikkje aktuelt

Oppsummering og konklusjon:

Rådmannen er undrande til tidspunktet som er valt for dette framlegget. Regjeringa har initiert ei kommunereform der ein skal sjå nærare på kva oppgåver dei nye og robuste kommunane skal få overført frå andre forvaltningsnivå. Her gjer ein det omvendt ved at ein i starten av reforma føreslår å ta oppgåver frå kommunane.

Skatteoppkrevjarfunksjonen fungerer godt, innfordringsresultata er svært gode noko staten sjølv gir uttrykk for. Det er difor ikkje opplagt at denne oppgåva bør overtakast av staten. Me hadde skjønt det betre dersom innfordringsresultata var svært dårleg.

Sentralisering av funksjonane vil truleg føre til dårlegare innfordring ved at ein ikkje lenger er tett på skuldnarane. I tillegg vert sørvisen ovanfor skatteytarane dårlegare ved at dei må forhalde seg til ein fjern instans i staden for lokale tenestemenn som det er lett å kontakte.

Rådmannen vil derfor slutte seg til kommentarane til KS og går inn for fortsatt kommunal skatteoppkrevjing.